

Strålende kritikkar til debutalbumet til Dreamarcher.

07.10.2016



Sterkt debutalbum frå Dreamarcher. Ruben Aksnes(bass/vokal) t.v.

**Uskedeling Ruben Aksnes har mykje å visa til i norsk rock dei siste åra. Gjennom opptredenar med trioen Jitney, Conor Patrick & The Shooting Tsar Orchestra og mange andre har det verkeleg blitt lagt merke til den dyktige bassisten. No er han svært aktuell med plateslepp og føreståande Europa-turne med det nye bandet sitt Dreamarcher.**

Frå Jitney har han med seg Kim Christer Hylland, og i tillegg har dei supplert med svært dyktige musikarar i Odd Erlend Mikkelsen og Gisle D. Sellevoll. Saman utgjer dei kvartetten **Dreamarcher** som i dag slepper sin første EP. Frå Jitney-perioden er dei vorte hardare og tøffare i stilene, og kritikkane frå musikkmeddarane er strålende.

Musikkmagasinet **Hissig** gjev albumet 100 av 100 poeng, og meldaren er svært begeistra under overskrifta 'Mesterlig debut full av kontrastar'. Han plasserer dei på absolutt øvste hylle av det som har vorte presentert av norske rockeband dette året.

**Ewig Lyttar** føl opp og gjev 5 av 6 på terningen. 'Ett av årets beste album', slår dei fast. Og slik følgjer dei på rekke og rad, gode anmeldelsar frå andre musikkskjønnarar.

**Dreamarcher** har jobba med prosjektet i over to år. Det har vore veldig mykje arbeid gjennom prosessen, og derfor er det ekstra gledeleg med dei gode tilbakemeldingane frå musikkpressa når albumet no er ute.

No er bandet klar for Europa-turnè. Det startar i Bergen 14. oktober, og held fram i Haugesund dagen etter før det ber ut i Europa. Det vert konsertar kvar einaste kveld, og før dei avsluttar i Oslo 28. oktober, har dei besøkt 8 land i Europa. Dei har då spela på scenar i storbyar som Berlin, Paris, Wien, Zürich, London med fleire.

Med den rosande omtalen bandet har fått, vil eg tru at dei vert å oppleva på mange festival-scenar komande sommar. Kanskje får vi også oppleva dei på Festidalen? At dei har lokal tilknytning, er også eit pluss i den samanhengen.

Her kan de [lesa korleis Hissig vurderer albumet](#). De kan også [høyra og sjå video til eit par av låtane på albumet](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Geir Mogen